



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Bømlo rådhus  
**Dato:** 09.05.2019  
**Tidspunkt:** 10:00 - 12:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Lene Borgen Waage	Nestleiar	AP
Oddvar Pedersen	Medlem	KRF

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Martin Lønning	Medlem	PDK
Øyvind Schumann Larssen	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Astrid Grønnevik Nesse	Sonja Hellen Sele	H

**Merknader**

---

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Geir Aga	Rådmann (PS 22/19 og PS 23/19)
Jarle Nakken	Økonomisjef (PS 22/19 og PS 23/19)
Hanne Jacobsen	Dagleg leiar, Bømlo kulturhus KF (PS 22/19)
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte AS (PS 22/19 og 23/19)
Kjersti Gjuvsland	Seniorkonsulent, Deloitte AS (PS 25/19)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Lene Borgen Waage  
nestsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 20/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 21/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 22/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Bømlo kulturhus - uttale frå kontrollutvalet		2015/71
PS 23/19	Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Bømlo kommune - uttale frå kontrollutvalet		2015/71
PS 24/19	Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktningar - handlingsplan		2018/30
PS 25/19	Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - prosjektplan		2019/36
PS 26/19	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/73
PS 27/19	Referatsaker		
PS 28/19	Eventuelt		

### PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

##### Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

### PS 21/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknadar til protokoll frå møte 11.04.2019

##### Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 11.04.2019 vart samrøystes vedteke.

## **PS 22/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Bømlo kulturhus - uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Bømlo Kulturhus KF for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Dagleg leiar orienterte kontrollutvalet om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019.

Dette kom mellom anna fram:

- det har vore eit godt driftsår og det har no nokre år vore stabil drift ved kulturhuset
- Kulturhuset har sett av driftsoverskotet til disposisjonsfond
- Tilpassing av rekneskapen til kommunen sitt rekneskap har gjort alt enklare
- For 2020-2023 skal det utarbeidast ny drift og vedlikehaldsplan
- Det er ein del reinvesteringar som kjem snart. Blant anna prosjektorane til kinoen som er 10 år.
- Litt nedgang i tal besøkande til kinoen. Dette følgjer trenden for resten av landet

Rådmannen ser at utviklinga går i rett retning og at det har vore viktig å ha ett godt styre og god ledelse ved kulturhuset. Dette er ikkje minst viktig grunna at kulturhuset då kan konsentrere seg om kulturtilbod til innbygarane.

Revisor nemnte at det var levert ei rein revisjonsmelding. Revisor kommenterte og at kvaliteten på rekneskapen har blitt betre etter at ansvaret for dette blei overført til administrasjonen i kommunen.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteken.

### **Uttale:**

1. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Bømlo Kulturhus KF for året 2018, og har ikkje øvrige merknader til denne
2. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

## **PS 23/19 Årsrekneskap og årsmelding 2018 for Bømlo kommune - uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2018.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Rådmann og økonomisjef orienterte om årsrekneskapen og årsmelding 2018.

Dette kom mellom anna fram:

- rekneskapsmessig meirforbruk på 0
- skatteinngangen dårlegare enn forventa
- historisk høgt disposisjonsfond (frå omtrent 0 i 2014 til over 70 mill.kr i 2018)
- eigenkapitalen har og styrka seg vesentleg dei siste åra
- lånegjelda er aukande. Dette gjer at renter og avdragskostnadene er høge.

Revisor meddelte kontrollutvalet at det er levert ein rein revisjonsmelding. I revisjonsrapport nr. 21 kjem det mellom anna fram at det er ein del bankkonti som står i kommunen sitt navn men som ikkje er teke i inn i årsrekneskapen. I møtet vart det fortalt at kommunen har retta dette.

Kontrollutvalet takker for orienteringa frå rådmann, økonomisjef og revisor. Kontrollutvalet vart samde om å ta ut det som er nemnt om bankkonti i uttalen, då dette no er retta frå administrasjonen. Sekretariatet får fullmakt til å endra dette i uttalen. Siste punkt i uttalen gjeldande « Kontrollutvalet ber rådmannen sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 21 frå Deloitte AS» vart og tatt bort

Forslag til vedtak var samrøystes

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtar utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2018, med redigeringar omtalt overfor.

## **PS 24/19 Forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktingar - handlingsplan**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktingar, med frist 01.10.2019.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Sekretariatet orienterte kort om vedlagt handlingsplan og status i dette arbeidet.

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber om å få ny status på arbeid relatert til forvaltningsrevisjon innan busetting og integrering av flyktingar, med frist 01.10.2019.

## **PS 25/19 Forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll - prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll, inkl. spørjeundersøking
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.06.2019. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i første møte i 2020.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Deloitte presenterte prosjektplanen for kontrollutvalet og orienterte om føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metodebruk. Kven som skal delta på prosjektet vart og presentert.

Det var og nemnt at det er mogleg å ta ut timene til spørjeundersøkinga om utvalet ønskjer dette. Etter ein diskusjon vart utvalet einige om at ein ønskjer denne spørjeundersøkinga.

Forslag til vedtak vart samsrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan vedtaksoppfølging og internkontroll, inkl. spørjeundersøking
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.06.2019. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i første møte i 2020.

## **PS 26/19 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka

Vedtaket var samrøystes.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **PS 27/19 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen referatsaker til dette møtet.

### **Vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

## **PS 28/19 Eventuelt**

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 09.05.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen saker under eventuelt.

### **Vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.